

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-034
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Alver formannskap	04.02.2021
015/21	Alver kommunestyre	18.02.2021

Streaming av politiske møte - endring av reglement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

- Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.
- Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.
- Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.
Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 010/21 Vedtak:

- Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.
- Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.
- Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Saken utsettes for å bli behandlet når pris for leieforhold i Helsehuset er fastsatt.
Framlegget fekk 11 røyster og fall (H.Weber-R, M.Klementsens-Uav., H.Dale-Uav., H.Brevik-Uav. E.Nævdal-Uav.og T.Sletten-Hansen-Uav., L.Johnsen-MDG, Y.Walaker-Uav., S.Hopland-Uav., T.Helland-Uav. og M.Morken-SV)
Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 38 røyster mot 7 røyster (H.Weber-R, M.Klementsens-Uav.,

H.Dale-Uav., M.Færø-Uav., H.Breivik-Uav. E.Nævdal-Uav.og T.Sletten-Hansen-Uav.) M.Morken-SV var ikke tilstades under røystinga.

KO- 015/21 Vedtak:

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.

2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.

3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I samband med koronakrisen har det vore streama fleire møter enn politisk styringsstruktur legg opp til.

I tillegg til kommunestyremøta er utval for areal, plan og miljø og formannskapet streama. Dette vert gjort for at møta skal kunne vera tilgjengeleg for publikum utan å bryte smittevernreglane.

Møta har vore gjennomført på Teams og publikum kan følgje dei digitale møta på kommuneTv.

Dei utvala som ikkje har vore streama er utval for helse og omsorg, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for næringsutvikling og drift.

Desse møta vert spela inn i Teams og lagt ut på heimesida til kommunen etter møtet er gjennomført.

Det vert lagt opp til at kommunestyremøta i framtida kan gjennomførast i Helsehuset, her må det streaming-utstyr på plass. Det er truleg kommunen som må investera i dette utstyret. Dette gjeld kjøp/lisensar av program.

Det er no eit oppsett med streamingutstyr i formannskapssalen i kommunehuset på Frekhaug. Her er det behov for oppgradering av utstyret.

Vil vil då ha to møtelokaler med utstyr til streaming.

Utstyr, fastmontert, til streaming i helsehus og på Frekhaug er ca. kr. 57 000,- pr.stad.

Det er også mogleg å kjøpe inn mobilt streamingutstyr, men det vil vere ei løysing som skapar mykje arbeid med tilrettelegging i samband med møta. Utstyr til streaming, mobilt, har ein kostnad på ca. kr. 88 000,-

Dersom det skal investerast i nytt utstyr må dette førast på politisk styring.

Kommunestyret må ta stilling til:

- Om alle utvalsmøta skal streamast som ei fast ordning
- Investering av utstyr, prktisk tilrettelegging på Helsehuset og kommunehuset på Frekhaug

Politisk styringsstruktur og reglement må og endrast dersom streaming av alle utvalsmøta skal vera ei varig løysing.

Frå politisk styringsstruktur:

Opne eller lukka møte

Møta i kommunestyret skal til vanleg vera ope for presse og publikum

I einskild saker kan kommunestyret gjera vedtak om stengde dører etter kommunelova § 11-5

Tilhøyrarar, representantar for media og andre som ikkje skal delta i saka, må gå frå salen straks eit møte vert lukka.

Om ei sak vert handsama for stengde dører, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt

teieplikt etter lov.

Kommunestyremøta vert normalt streama.

Møteleiar skal gje løyve til eksterne at opne saker i kommunestyremøtet vert tatt opp på lydband, video e.l. eller at møtet vert kringkasta over radio/fjernsyn/internett dersom aktiviteten ikkje verkar forstyrrande på gjennomføringa av møtet, jf. Kommuneleva § 11-6.